

Jogeir M. Agjeld
Agjeld
6788 Olden

24. mai 2016

Til Fagpressens vederlagsfond

Stipendrapport – Excel-kurs 11.–12. april 2016

Takka vere stipend frå Fagpressen og velvilje frå arbeidsgivar deltok eg på kurset Pivottabeller og rapportering i Excel, arrangert av Glasspaper i Oslo.

Bakgrunnen for valet av dette kurset er at vi i Bedre Gardsdrift stadig handterer ulike mengder data som grunnlag for ulike reportasjar, alt frå små tabellar med prisar og tekniske data, til komplekse datasamlingar og databasar. Vi har sett behovet for styrka kompetanse til å handtere dette materialet, og etter rettleiing frå kurstilbydaren kom vi fram til at dette kurset var det som stetta våre ynskje på best vis.

Alt før det var gått fem minutt av kurset hadde eg lært teknikkar og strategiar som eg vil ha stor nytte av i arbeidet. Kurset var uvanleg intenst, med ein sær sars kyndig instruktør med store ambisjonar på våre vegne. Kurset føresette god kunnskap i grunnleggande bruk av Excel.

Opplegget var at instruktøren tema for tema gav ei rask innføring i kva han ville oppnå, før vi i fellesskap utførte nettopp dette på eigne datamaskiner. Kurset må såleis seiast å vere praktisk retta, og slik at vi i neste minutt kunne gjort den same jobben på eige datamateriale.

Nokre stikkord om innhaldet:

- Prinsipp for oppbygging av formlar
- Korleis organisere og handtere datamateriale for å få ut dei ønska opplysningane
- Oppbygging av dokument til bruk ved uthenting av rapportar
- Brukarvenleg presentasjon av data
- Excel-funksjonen *pivottabellar*

Forutan gjennomgang av pensuminnhaldet i kurset, nytta eg nokre av pausane til å drøfte spesifikke problemstillingar knytt til datahandtering i jobben min med kursinstruktøren. Han svarte villeg, og tok seg også tid til å sjå på ei konkret problemstilling etter at kurset var slutt.

Eg er på alle vis godt nøgd med utbyttet av kurset, og ser at det vil vere til nytte for heile redaksjonen i Bedre Gardsdrift.

Som busett i Olden i Stryn kommune, og med kurs i Oslo, medførte kursdeltakinga reise Olden-Oslo tur/retur, overnatting i Oslo og intern transport i Osloområdet, som omtalt i stipendsøknaden.

Beste helsing

Jogeir M. Agjeld